

# Fjell kyrkjeblad

Utgave 5  
2016



Høgtideleg  
opning av unik  
sykkelverkstad

Side 5



Kyrkjelydsweekend  
Side 4



Damaskus i Landro  
Side 8



Mi første kyrkjebok  
Side 10

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut  
6 gonger i året og kostar  
kr 200,- pr. år.  
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**  
8580.14.09461

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**  
8580.14.09453

**Ansvarleg redaktør**  
Borghild Hustad Berge

**Grafisk design**  
Apelthun House Ltd

**Trykk**  
Molvik grafisk AS

**Forsidebilde**  
Beate Sørhus

**Kyrkjekontoret**  
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**  
55 09 74 40

**E-post**  
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**  
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

[kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)

**INNLEVERINGSFRIST**  
for annonser og kunngjeringar til neste  
utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 4. nov.

# Takk for Guds gave

Dei bibelske haustfestane har levd litt i skuggen for vinter- og vårfestane (jul, påske og pinse), men dei er stadig eit fast innslag i kyrjeåret vårt. Desse høgtidene minnar oss om vekking, omvending og takksemd. Mikkelsmesse, den 29. september, er dedikert til erkeengelen Mikael som bles i den siste basun på «Basunanes høgtid».

Høgtida er eit vekkingsrop om at Kongen kjem attende for å døma levande og døde. Bots- og bededag som fell på den 30. oktober, påminnar oss om tilgjeving, forsoning og omvending. Når vi har fred med Gud og menneske, er namnet vårt innskriven i Livets bok. Haustakkefesten, som vi markerar i ei gudsteneste, er i Bibelen ei takkehøgtid som spenner over åtte dagar. Den minnar oss om at frukta av vårt strev er Guds rike velsigning, og at vi må ha takksemd for hans store løfte.

Jesu løfte er så stort at det verkar meiningslaust. Difor måtte Ordet bli menneske slik at verda kunne bli opna opp for Guds nåde, les vi i andakta på side 3 som minnar oss om at Jesus gav oss dette grenselause løfte for å dytte oss ut av vårt eige, og over i det guddommelege. Vi forstår ikkje alt han sei-



er. Men han har gitt oss eit språk av nåde, – at våre liv ligg i Guds hender. Men spørsmålet andakta utfordrar oss med er – klarar vi å ta imot nåden?

Nåden set oss fri til å ha relasjon til kjærleikens Gud.

Nåden er også viktig i menneskelege relasjoner, ikkje minst i parforhold. Det handlar om kommunikasjon og korleis vi skal behandle kvarandre når konfliktar oppstår. Alle ønskjer at kjærleiken skal vere, men korleis får vi det til? Difor arrangere kyrkjelydane i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden, saman med Familie-skolen, PREP-kurs i Fjell kyrje gjere noko med denne hausten. Det kan du lese meir om på side 4.

På side 7 kan du lese om opninga av det store kvite bedehuset, Straume Forum. Det er indremisjonen si storsatsing her på Sotra.

På side 9 kan du sjå annonsa for HalloVenn, den store barnefesten i Ågotneshallen den 31. oktober.

På side 10 og 11 kan du lese om dei mange T-dagane der kyrja når ut til den oppveksande slekt med evangeliet og kyrkjehistoria.

God lesning!

AV MARGIT LILJAN APELTHUN

**Sotra Reviderte**  
Høsten 2016

**16. okt.** – Delta på konsert med Lions Sotra i Fjell kyrkje

**6. nov.** – Evensong i Fjell kyrkje

*Forsangertjeneste i Fjell kyrkje én gang pr mnd.*

**Vokalensemplet Sotra Reviderte**  
For alle som vil synge i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30.

**Vil du vere med i Sotra Reviderte?**  
Du er hjarteleg velkommen!  
*Ta kontakt med:*  
Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287  
Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988

## Etterlyser Kyrkjeblad

Kyrkjekontoret i Fjell skal ha eit eksemplar av alle Fjell kyrkjeblad i arkivet.

Vi manglar følgjande kyrkjeblad,  
nummer og årstall:

- 4-1975
- 8-1977
- 1-1978
- 1-1990
- 4-2007
- Kan nokon hjelpe?

Blada kan leverast på Kyrkjekontoret i Fjell eller kan sendast til  
Kyrkjekontoret i Fjell,  
Postboks 184,  
5342 Straume.

## Adventsleir på Fjell-ly

Helgen 2.-4. desember inviterer vi til leir for alle generasjoner på Fjell-ly.

Vi har fokus på advent- og julebudskapet, og vi bruker tid sammen på kjekke hobbyaktiviteter og pepperkakebaking.

Ta med deg barn og/eller barnebarn og bli med på en innholdsrik helg!

For mer info se  
[www.mi-imf.no](http://www.mi-imf.no) eller  
ring 56 31 04 40.

Arr: Midhordland Indremisjon

# Jesu grenselause løfte


«... Dersom to av dykk her på jorda blir samde om å be om noko, kva det enn er, skal de få det av Far min i himmelen. For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» (Matt 18, 19-20)

Slike ord frå frelsaren skapar forventningar som tilsynelatande ikkje blir innfridde utan vidare. Eit slikt løfte er provoserande. For velstand og lykke er ikkje jamt fordelt blant menneska!

Eg må innrømme at bønene mine ofte er ein samtal med meg sjølv – i minst like stor grad som ein samtal med Gud. Eg er så fylt opp av meg sjølv og mine eigne stemmer at eg neppe er open for eit bønesvar som ligg utanfor min eigen horisont. Men når Gud er midt iblant oss, så må det bety at han høyrer på forteljingane mine om livet. Han høyrer på korleis eg fortel, og korleis eg tolkar mitt eige liv – sagt litt annleis: Han høyrer kva livsforteljing eg set meg sjølv inn i. Gud er midt i mi livsforteljing – midt i livet – anten eg har oppdaga det eller ikkje.

Nokre menneske må bere mange prøvingar og vaskar, medan andre bokstaveleg talt har mindre problem å stri med. Slik er verda blitt. Jesus utfordrar oss gong på gong til å aktivisere lækjande krefter i verda. Og det er her eg finn nøkkelen til Jesu løfte om bønnesvar. For Guds handling er ikkje avgrensa av noko. Men horisonten min, språket mitt og forteljingane mine er så snevre at eg ikkje er i stand til å sjå noko av det himmelske. Ikkje eingong meg sjølv. Eg ser ikkje meg sjølv nok – til å forstå at eg eigentleg vil dele meir, slik at verda blir meir rettvis!

«Ordet vart menneske» heiter det i Johannesprologen (Joh. 1). Ord er verkelege. Språket er umåteleg viktig for å kunne organisere tankane. Språket er gitt oss frå andre men-



*Nøkkelen til Jesu løfte om bønnesvar ligg i at Guds handling ikkje er avgrensa av noko, påpeikar sokneprest Nese i denne andrakten.*

neske. Det er ikkje noko vi har. Det skapar den røyndommen vi tolkar livet ut i frå. Orda vi seier inni oss – og til andre – er viktige for korleis vi ser på oss sjølve, og korleis vi tolkar vårt eige liv. Enkelte menneske set seg sjølv inn i forteljingar som skapar vaskar for dei. Andre ikkje. Den forteljinga eg set meg sjølv inn i blir verkeleg for meg.

Når Jesus gjer eit grenselause løfte om bønnesvar, så er det eit dytt over i det guddommelege. Jesu løfte er så stort at det verkar meiningslaust. For språket mitt har ikkje vokabular til å kunne gje dette meinings. Eit slikt språk må bli gitt meg utanfrå, slik at det guddommelege kan kommuniserast til meg. Difor måtte Ordet bli menneske slik at verda kunne bli opna opp for Guds nåde.

Jesus gav grenselause løfte for å dytte meg ut av mitt eige. Eg forstår ikkje alt han seier. Men han har gitt meg noko språk, slik at eg ser at livet mitt ligg i Guds hender. Det gjer han i tankeverda mi, og som ein praktisk realitet han vil oppfylle når alt er slutt. Han ber meg ne.

Men klarar eg å ta imot nåde? Nokre gonger er det lett – men ikkje alltid. Hovmodet mitt slår opp eit skal omkring meg til vern. Det må opnast – akkurat som at ein vond løyndom mistar si kraft når den kjem fram i lyset. Å setje ord på livet mitt og ståstadelen ovanfor Gud frigjer meg. Det gjer meg meir audmjuk, andsynes min eigen forstand, eige liv, for Skaparen, skaparverket, døden og medmenneske. Dette oppdagar eg stadig nye sider ved. Difor blir eg aldri ferdig med Gud. Han set meg stadig inn i nye forteljingar.

Bjarte Nese, sokneprest i Landro kyrkje



## innhald

- Side 4 Kommunikasjon i samlivet
- Side 7 Det hvite huset på Straume
- Side 8 Julekonsert i Fjell kyrkje
- Side 9 Korbaluba i Straume Forum
- Side 12 Gudstenesteliste

## Kyrkjelydsweekend – der generasjonene møtes

I år, som ifjor, blir det kyrkjelydsweekend i Foldnes.

Kyrkjelydsweekend er en flott måte å bli kjent med folk i den lokale kyrkja di på. Da kommer barnefamilier, med alt fra små barn til tenåringer, men også besteforeldre og de midt i mellom.

Det blir aktiviteter for barna, tur hvis været tillater det, fellessamlinger, og ikke minst god mat.

Det blir en weekend med god stemning og mye latter!

Foldnes Sokneråd ønsker deg / dere hjertelig velkommen!



Kyrkjelydsweekend – der generasjonene møtes. Foto: iStock

Tid: 11.-13. november 2016

Sted: Skjergardsheimen i Øygarden.

(Ta en titt: <http://skjergardsheimen.no/galleri/>)

For hvem: For alle mellom 0-99 år

Pris: Ikke endelig fastsatt ...

Påmelding: På e-post til [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

## Kommunikasjon i samlivet – en utfordring

Alle ønsker at kjærligheten skal vare, men hvordan får vi det til? Gode forhold handler mye om kommunikasjon og hvordan vi skal behandle hverandre når konflikter oppstår.

Denne høsten arrangerer menighetene i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden, sammen med Familie-skolen, PREP-kurs i Fjell kirke.

PREP er et kurs for par i alle aldre som ønsker å bevare og styrke parforholdet. I løpet av 3 kurkvelder er vi innom:

- Faresignaler, herunder negative kommunikasjonsmønstre.



- God kommunikasjon.
- Glede. Stimulere vennskap og glede midt i en travle hverdag.

- Bevissthet omkring viktige tema som forpliktelse, tilgivelse, forsoning, grunnverdier m.m.

For å skjerme privatlivet er det ikke lagt opp til gruppearbeid. Du jobber bare med egen partner.

Kursdager er mandagene 31. oktober, 7. november og 14. november.

**Tidspunkt:** kl.17.30–22.00. Vi serverer middag fra kl. 17.30. (Inkludert i prisen) Undervisningen starter kl. 18.00.

**Sted:** Menighetssalen i Fjell kirke

**Pris:** Kr. 1500 pr par. I prisen er inkludert kursbok, middag og forfriskninger.

**Påmelding innen fredag 14. oktober til:** Soknediakon Torbjørn Fjøren telefon: 92295377

**E post:** [torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no](mailto:torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no)

**Informasjon:** Kirkekontoret i Fjell, telefon 55097440, soknediakon Torbjørn Fjøren <http://www.kildehuset.no/samlivskurs/> eller [www.familieskolen.no](http://www.familieskolen.no)

## Temakveld om sorg

Foldnes kirke på Sotra

Torsdag 17. november kl. 19.00.

## Program

Berit og Ingmar Ljones mistet 2 døtre i en motorsykkelulykke 22. juni 2014. De blir med oss denne kvelden.

**Den lysaste dagen vart den mørkaste.**



Musikkinnslag ved Kristin Bergsvik Skilbrei, piano og Kjell Bergsvik, saksofon.

Enkel Bevertning.



Den norske kirke på Askøy, Fjell, Sund og Øygarden

Første sykkel klar for reperasjon.

Foto: Beate Sørhus



## Basecamp RePro er i gang

# Sykkelverkstad opna på Sartor

**16. september vart det nye arbeidsparksistilbod for ungdom, Basecamp RePro, høgtideleg opna av ordfører Marianne Sandahl Bjørøy, som heldt tale og klipte snora – i dette høve ein sykkelwire.**

Lokala ligg sentralt til på Straume i dei tidlegare loka- la til Sotra Jernvare og Elling Foto.

– Basecamp RePro er eit fantastisk prosjekt. Opplæring, praksis og gjen- bruk, tre ting i eitt, som eit kinderegg. Basecamp RePro er handling i praksis og det er utruleg bra, sa ordføraren.

– Dette tiltaket er ein direkte konsekvens av eit møte med tre ungdomar. Ein av dei hadde slutta på vida- regåande skule, den andre hadde slutta i lære medan

den tredje ungdomen venta på praksisplass. Vi vil møta ungdom som er i dette «venterommet», sa dagleg leiar i Basecamp, Nils Ivar Honningdal, på opninga.

Tilbodet til ungdom i alderen 16 til 25 år er ope fire dagar i veka, måndag, tysdag, torsdag og fredag mellom klokka ni og halv fire.

Det er inngått samarbeid med FjellVAR der Basecamp RePro får syklar frå gjenvinningsstasjonen som dei kan fikse opp. RePro har allereide eit lager på 40 syklar som er klare for opprusting.

Dei to som til dagleg vil drive RePro er mekanikar og motivator Raymond Riise og rettleiar Åshild Gavlen.

– Vi ønskjer å vera ei grøn bedrift som skapar gull av gråstein, sa Honningdal før han takka ei rekke private og offentlege samarbeids- partnarar.

Basecamp er eit samar- beidstiltak mellom Sartor



Over: Ordførar Marianne Sandahl Bjørøy klipper snora og opnar høgtideleg Basecamp RePro sin sykkelverkstad.  
T.h.: Etterpå vanka det kake.  
Foto: Beate Sørhus



Storsenter, Fjell kyrkjelege fellesråd og Fjell kommune.

Direktør i Sartor Storsenter og styremedlem i Basecamp, Thomas Skålnes, sa at langsiktig samarbeid er suksessfaktor for Basecamp.

– Vi ser mellom anna konkrete resultat som redusert hærverk, mindre nas- king og mindre andre uønskte hendingar.

Fungerande kyrkjeverje, Borghild Hustad Berge, hel-

ste på vegner av kyrkja og overrekte sykkelverkstaden ein kaffitaktivitet som ho sa både ungdomane og dei tilsette ville ha stor glede av.

– Det er ein gøy part av arbeidet vårt, når vi får sjå gode tiltak gjennomført. Eg er stolt av å vera arbeidsgjevar for Nils Ivar og dei her på Basecamp, sa Hustad Berge.

AV MARGIT LILJAN APELTHUN

# Ja eller nei til likekjønnet vigsel

Jeg har behov for å komme med et par refleksjoner som respons på tanken om at det finnes en gyldig kristen argumentasjon for både et ja og et nei til likekjønnet ekteskap, og at det legges opp til at begge syn har samme kristne legitimitet. Professor i Det nye testamente ved Menighetsfakultetet, Reidar Hvalvik, skriver i lengre artikkel fra 2015 at det i dag, både blandt historikere og bibelforskere, er en majoritet som vil hevde at bibeltekstene taler imot homoseksuell praksis.

Evangelienes fortellinger om Jesu måte å møte mennesker på, er et forbilde som vi alle bør ha i vårt forhold til våre medmennesker. Men en slik generell henvisning må samtidig leses og forstås i sammenheng med hva Jesus og hans apostler har sagt om et rett og godt kristent liv. Dersom man skal snu tolkningen på hodet i et såpass tungt praktisk spørsmål, må det finnes svært



gode grunner for å endre praksis og forståelse av bibeltekstene. I Matt 19 utlegger Jesus skapelsesberetningen, og hevder uttrykkelig at «til mann og kvinne skapte han dem». Denne teksten sier noe vesentlig om ekteskapet som et forhold mellom en mann og en kvinne. Det synes derfor underlig å hevde at homofili er utenfor synsfeltet i denne teksten. Jesus ser kjønnspolariteten som en forutsetning for ekteskapet i lys av 1 Mos 1. Å bagatellisere kjønnspolariteten i ekteskapet, og hevde at skapelsen av mennesket som

mann og kvinne ikke primært handler om dette, er svært vanskelig å kjenne igjen ut fra ordene som faktisk står der.

Det er rett at ekteskapets sosiale og historiske form har forandret seg gjennom tidene, og historien kan fremvise forskjellige former for ekteskapsinngåelse. Men Jesu og Paulus' syn på ekteskapet som en offentlig ordning av samlivet mellom en mann og en kvinne, lar seg ikke avfeie med henvisning til at ekteskapets form har forandret seg fra tid til tid. Både Jesus og Paulus orienterer seg ut fra kjønnsdifferensieringen når de taler om ekteskapet. Ingen av dem gir noen som helst støtte til tanken om homofilt samliv og likekjønnet ekteskap. En slik skriftttolkning er også i samsvar med et godt luthersk prinsipp om at Skriften er sin egen fortolker.

Erling Kopperud, prost

## Ny lære om ekteskapet – også i Fjell og Landro?

Sokneprestane i Fjell og Landro har gitt til kjenne korleis dei ser på det å inkludera likekjønna samliv i kyrkja si lære om ekteskapet. Dette skjer før ein ny liturgi er vedteken. Difor vonar eg at prestane kan vurdera sine standpunkt på ny når endeleg liturgi ligg føre. For prosessen så langt har vist at det ikkje er råd å forankra ein slik liturgi i Skrifta sine ord, berre i partane sine subjektive val. Til no i kyrkja sine 2000 år har vi aldri hatt liturgiar for noko som ikkje har positiv heimel i Skrifta. Eg tolkar i det minste nokre formuleringar hos Nese (og kanskje hos Aannerød?) som kan tyda på at endeleg konklusjon ikkje er dregen. Eg bed om at dei begge skal ta inn over seg kva vanskar dei elles vil påføra mange av oss som engasjerer seg i kyrkja sine mange friviljuge tenester.

Eg minner også om Bjørgvin biskop sitt ynskje om at prestane ikkje skal ta ny liturgi i bruk.

På Kyrkjemøtet (KM) 2016 var undertekna med i det mindretallet som la fram følgjande forslag, som vart stemt ned: *Kyrkjemøtet held fast på at ekteskapet er innstifta av Gud for samlivet mellom éin mann og éi kvinne.*

*Kjønnspolariteten har i heile kyrkja si historie vore eit konstituerande element i ei kristen ekteskapsforståing. Bibelen og vår evangelisk-lutherske lære gir oss ikkje mandat til å endra på dette.*

*Ekteskapslova av 2008 legg ei anna forståing til grunn. Dette er dessutan ei «koplingslov», ettersom reglar og rettar i adopsjonslov, barnelov og bioteknologilov gjeld for alle par som lever i ekteskap. Barnelova slår til dømes fast at eit barn ikkje kan ha ein far når det har ei «medmor». Formuleringar som denne er svært normerande, og representerer eit radikalt brot med kyrkja si lære om tilhøvet mellom mor, far og barn.*

*Det meste av kyrkja si undervising er retta mot barn og unge. Ei ordning som opnar for ekteskap mellom menneske av same kjønn, vil få til følge at kyrkja ikkje kan tala med autoritet på dette området, og at ein på lokalplanet anten vil tala med to tunger eller teia om desse fundamentale spørsmåla for ei kristen oppseding.*

*Kyrkjemøtet seier difor nei til å innføre vigslingsliturgi for likekjønna par*

*eller forbøn for borgarleg inngåtte ekteskap mellom likekjønna. (Biskopen var del av eit mindretal, som heller ikkje ville ha ei ny lære og liturgi, innanfor fleirtalet, men tok til «etterretning» at det var eit fleirtal for ny liturgi i KM).*

Etter mitt skjøn vil den nye læra ha alvorlege følgjer for synet på Skrifta sin autoritet i kyrkja, og for forkynninga i det heile. Det er sant at det er kyrkja som har innført den nye læra. Men det er presten som har det store ansvaret for evt. å innføra læra her hos oss. Å gjera det mot den gudstenestefeirande forsamlinga sin vilje er særslit luthersk.

Det er sagt at presten har «siste ordet» i om ny liturgi skal takast i bruk. Det kan vera så. Men kven har «første ordet»? Skulle ikkje kyrkjelyden ha blitt hørt og teken med på råd, før ei evt. innføring av ny lære hos oss? Det er i alle fall eit av kjernekjønna i reformasjonen si lære om kyrkja sin kallsrett og hennar ansvar for å vurdera læra.

Egil Morland,  
delegat i Kyrkjemøtet

# Det hvite bedehuset på Straume

**Straume Forum heter det nye bedehuset, men benevnelsen kan lett bli «Det hvite huset». Det kalte også prost Erling Kopperud huset da han hilste fra Den norske kirke.**

Det nye moderne bedehuset har en hvit fasade med enorme vindusflater. Det gjør at det er lyst og trivelig i hele bygget, som ligger ved skole- og idrettsenteret for den nye kystbyen.

Bedehuset er et flerbrukshus, med plass til Indremisjonsforbundets administrasjon, Sambåndets redaksjon, P7 Kristen Riksradio, bruktbutikk og selv-sagt bedehusmenigheten.

## Dugnad

Straume Forum er bygget på rekordtid og det har vært en makeløs dugnadsinnsats daglig det siste året av omkring 150 dugnadsdeltakerne.

– Vi vil at dette skal være et hus for og ved folket, sa Atle Våge, leder og inspirator i særklasse for prosjektet.

Styreleder i IMF Straume, Kenneth Foss, hedret Våge med en velfortjent ferie for to. Regning ble snappet opp og betalt som en gave fra Tremorkirken som ligger på Sartor Storsenter.



STRAUME FORUM. FOTO: EJ. SÆLE

På åpningsmøtet søndag 25. september, var bygget fullpakket. Salen og foajeen, som tar opp til 700 mennesker, var fylt opp og stoler var satt opp i foajeen og inn mot kjøkkenavdelingen. I tillegg sprang et hundretalls barn rundt omkring og skapte liv i nybygget.

## I Guds hånd

Prost Kopperud pekte på velkomst-hilsenen som møtte ham ved inngangen på nybygget: «Welcome. May God bless your work». (Velkommen. Må Gud velsigne ditt arbeid).

– Dette huset kommer med en fornyelse. Selv språket er nytt og engelsk – noe som også preget noen av sangene, sa Kopperud.

– Men det er bare en ny måte å ut-

trykke sin takknemlighet på. Takk for arbeidet som er nedlagt i bedehusbevegelsen i Fjell, sa prosten og beskrev nybygget fra gamleveien over Blommaflaten.

– Det minner om «The white house». Jeg håper det vil bety mye i tiden som ligger foran oss, sa han og gav et fat med en avbildet hånd i – som «en liturgisk utsmykking» fra Den norske kirke i Fjell.

Prosten refererte til FNs kristne og svenske generalsekretær, Dag Hammarskjölds dagbok. Der står det: «Det ufattelige å være i Guds hånd. Slik blir en uavhengig av verden. Da blir en fri i forhold til mennesker.»

AV MARGIT LILJAN APELTHUN

# JesusKvinne feira 10-årsjubileum



**Mandag 12. september var kyrkjelydssalen i Fjell kyrkje pynta opp til jubileumsfest. Ca 40 kvinner i alle aldre kom for å delta på jubileumet til JesusKvinne.**

Festbordet var dekka og med sang, foredrag og bevertning, vart Jesus og 10 år med JesusKvinne feira. Linda Camilla Nærøy hadde hovedforedraget,



og bevega alle med si sterke personlege historie og hennar relasjon til Jesus. Torgunn Ree var den som starta JesusKvinne på Sotra for 10 år sida, og ho heldt ei tale der ho fortalte om JesusKvinne sin start og utvikling fram til i dag. Fleire andre var og oppom talarstolen med lukkeønskningar og talar. Gjennom kvelden var alle med og sang mange flotte sangar leda av forsangarar med Anja Njøten i spissen.

## JESUS KVINNER PÅ SOTRA

JesusKvinne har ein visjon om å samle kvinner i alle aldre for å bygge Guds rike i heim og familie, samfunnsliv og kyrkjelyd. JesusKvinne på Sotra har møter i Fjell kyrkje, kyrkjelydssalen. Saman deler vi fellesskap, lovsong, bevertning og Guds ord. Vi møtast vanlegvis den andre mandagen i månaden kl.19.30

**Møtedatoar hausten 2016:**  
MANDAG 17.OKTOBER  
MANDAG 14.NOVEMBER

**Møtedatoar våren 2017**  
MANDAG 09.JANUAR  
MANDAG 13.FEBRUAR  
MANDAG 13.MARS  
MANDAG 10.APRIL

Håper vi ser DEG på neste samling.  
Du er hjarteleg velkommen.

# «Stille Natt Hellige Natt» i Fjell kirke

Ingen jul uten «Stille Natt Hellige Natt», og juletradisjonen er tilbake også denne førjulstiden.

– Førårets turné var helt utsolgt, så vær tidlig ute og sikre deg billetter allerede nå, sier produsent Tor Arne Ranghus i Taran AS.

Tradisjonen tro legger julekonserten Stille natt hellige natt ut på turné i adventstiden, og besøker Fjell kirke den lørdag den 26. november, klokken 21.30.

– I år som i fjor er førårets Stjernekamp-vinner Maria Haukaas Mittet med, det samme er årets Stjernekamp-aktuelle Marian Aas-Hansen, i tillegg til Alexander Rybak og Rune Larsen. Nyeste tilskudd er Hans Petter Moen som er kjent fra underholdningsgruppen Cheezy Keys. Sammen med musikerne Jon-Willy Rydningen og Olav Torget, skal de igjen skape julestemning i kirker over hele



26. november blir det julekonsert i Fjell kirke med de kjente artistene (f.v.) Alexander Rybak, Maria Haukaas Mittet, Marian Aas-Hansen, Hans Petter Moen og Rune Larsen.

Sør-Norge, forteller produsent Ranghus

Stille Natt Hellige Natt er kalt «alle julekonserters mor», og Taran AS arrangerte sin første konsertturné med den populære konsertturneen allerede i 1987, og kan neste år markere 30-årsjubileum. Hvert år har produsenten samlet folkekjære og profesjonelle artister som har reist rundt i kirker over det ganske land for å synge ut julens budskap.

– Med Stille Natt Hellige Natt ønsker vi å forene høytid og glede. Respekten for budskapet og kirkerommet er tydelig, samtidig som leken og gleden får rom, avslutter produsent Tor Arne Ranghus.

Stille Natt Hellige Natt arrangeres i samarbeid med Strømmestiftelsen. Hjelp til selvhjelp er bærebjelken i stiftelsens arbeid for å bekjempe fattig-

dom. Strømmestiftelsen støtter opp om utdanning for å motivere utvikling av enkeltmennesker, lokalsamfunn og land – for å gi mennesker tro på at iherdig egeninnsats skaper varige resultater. Stiftelsen sikrer også lån, sparetiltak og forsikringsordninger gjennom mikrokreditt til idérike, fattige mennesker. Mikrokreditt ble viet stor oppmerksomhet da Nobels Fredspris 2006 gikk til Muhammad Yunus og Grameen Bank for nettopp denne typen hjelpearbeid.

Stille Natt Hellige Natt har opp gjennom årene bidratt med over 10 millioner kroner til Strømmestiftelsen, som er aktiv både i Asia, Latin-Amerika og Afrika.

Billetter selges via Billetttservice, Narvesen, 7-Eleven og ved inngangen.

## Julekorprosjekt for voksne

«Bli med på Juleprosjektkor i Landro kyrkje i november. Vi øver julesanger frem mot «Vi syng jula inn» søndag 11. desember kl. 18.00. Ta kontakt med elineolsen@yahoo.com om du har lyst å vere med. Vi avtaler øvedager som passer for alle, etter påmelding».



## Damaskus med konsert i Landro

Konsert med Damaskus i Landro fredag 21. oktober kl. 19.30. Damaskus er et band som spiller melodiøs og energirik jazz. Bandet startet opp mai 2015 og har siden den gang spilt omrent 20 konserter med egenskrevne musikk, i tillegg til to plateinnspillinger som kompband. De er inspirert av blant annet Snarky Puppy, Edvard Grieg og Esbjörn Svensson

Trio. Ved denne anledningen blir besetningen: Thomas Lossius (kontrabass/elbass), Martin Haukedal (gitar), Sigurd Steinkopf (trommer).

Billett: 100,-/50,- (Ordinær pris: Voksen og ungdom over 16 år. Rabattert pris: Barn t.o.m 15 år, Honnør, Student v/framsyning av bevis, Ledsager - gratis v/framsyning av bevis).



## Tur, tru&tvil

Kvar år reiser FUNK (Fjellungdom i kyrkja) på lederweekend. Dei to siste åra har vi valt å starte semesteret med ei helg i lag.

Då er hovudfokus året som ligg framføre oss. Kva vil vi og kva ønskjer vi? Samstundes er felleskapet, både med kvarandre og med Gud, utrolig viktig. Årets tema for FUNK er «Tru&tvil» og vi opplever at ved å våge å seie noko om tvilen og erkjenne at den er tilstades midt i trua vår, blir den mindre farleg.

Sjølv om regnet var unødig sjenerøst med oss på turdagen laurdag, var søndagen så motsett at vi godt kunne tenkje oss å vere på Wallemuntet endå ein dag. Dei tretti leiarane som var med på tur i år var ein fantastisk gjeng. Eit av dei mange høgdepunkta var laurdagskvelden, først med ei kanonmorosam underhaldning etterfølgd av ei fin delestund. Å dele tru og tvil gjer noko med både trua og tvilen. Så håper vi at ved å erkjenne tvilen og ikkje frykte han, veks òg trua.

Maria Tveten



## Korbaluba i Straume Forum

Lørdag 5. november inviterer Joy kids og MINIgospel inn til høstens store korhappening sammen med korsangere fra hele regionen.

Sangere fra Fjell barnekor, Landro barne- og tweenskor, Minipraise og Praise fra Tremor, Knappskog og Ågotnes barnekor, Stjernekor og B-tweenskor i Sund kyrkje er med og lager fest.

Vi gleder oss til det braker løs og ønsker velkommen til store og små!

**Straume Forum,**  
**lørdag 5. november, kl 16.00**

## Barne- og tweenskoret i Landro

Nordre Fjell barnekor øver kvar tysdag i Landro kyrkje frå kl 17.30-18.35. (1.-4. klasse).

Nordre Fjell tweenskor øver kvar tysdag i Landro kyrkje frå kl 18.40-19.35. (5.-8. klasse).

Tweensklubb for 5.-8. klasse annankvar tysdag i barnekortida.

Kontakt: elineolsen@yahoo.com  
(Kantor i Landro kyrkje)



# Hallovenn

Karneval med tema: Gode venner i bursdag!

Motto: "Det du vil at andre skal gjøre mot deg, det skal du gjøre mot dem!"

**Ågotneshallen 31. okt. kl. 17.00-19.30**

Åpning med familien Sulebakk og barnekor.  
Godteri, pølsjer og aktiviteter inkl. i pris

Pris: Barn kr. 110. Voksen kr. 110

Makspris pr. familie kr. 350 (foreldre+barn)

Barn må komme i følge med voksen.

Forhåndssalg av billett på [www.checkin.no](http://www.checkin.no)

Evt. restbilletter selges i døren.

[www.hallovenn.no](http://www.hallovenn.no)

Arrangør: Landro sokneråd og Metodistkirken på Sotra

Bruk fantasien og kle deg ut med kostymer fra en bursdag!  
(skal ikke skremme andre - ikke skrekkmasker)

Godteri og aktiviteter!  
Dette blir gøy!



Mer info på

## T 11 På sporet av Jesus

**Fredag 30. september** var drøyt 30 sjetteklassingar samla i Foldnes kyrkje for å gå «på sporet av Jesus». Dei fekk treffe mange av dei som snakka med Jesus då han gjekk omkring her på jorda, til dømes Maria Magdalena og fiskaren Peter. Dei var til og med på fest hos Sakkeus. Det vart ein kjekk, fargerik og lærorik kveld, både for sjetteklassingane og alle oss andre.



## T 3



**Søndag 27. november** blir det adventsgudsteneste i alle dei tre kyrkjene våre. Treåringane (dei som er fødde i 2013) er spesielt inviterte, men alle er velkomne.  
Meir info kjem i posten når dagen nærmar seg.

## T 10 Tweens – Kva skjer?

**Fredag 21. oktober** er alle som går i femte klasse spesielt inviterte til å byrje på Tweensklubben! Annakvar fredagskveld møtest mange 10-13-åringar i Fjell kyrkje. Her kan du bli kjent med nye folk og få nye vener, bli betre kjent med Jesus, leike, handle i kiosken og få vere med på mange ulike aktivitetar som ballspel, hobbygruppe, bordtennis, playstation, band, song, matgruppe og meir.

Denne kvelden på T10 Tweens er meint å vere ein smakebit for deg, sånn at du kan sjå om dette er ein klubb du har lyst å fortsetje i. Det kostar ingenting å vere med i Tweensklubben, men ta med no-

kre småpengar til kiosken, alt kostar kr 5,-. Det blir sal av varmmat (pizza e.l.) tillegg til brus og salt/søtt snacks og godteri.

Ein vanleg Tweenskveld startar klokka 19.00 og er ferdig kl. 21.00. Denne kvelden ønskjer vi at du og alle dei andre femteklassingane skal kome kl. 18.00. Då har vi ein time saman før den vanlege klubkvelden startar, vi skal bli litt kjende med kvarandre og leiarane på Tweens – og bli litt husvarme i kyrkja før Tweenskvelden startar :)

Meld fra om særskilde behov (t.d. allergiar eller funksjonshemmning) i god tid. Vi ønskjer å leggje til rette for alle funksjonsnivå.



Meld deg på T10 Tweens på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no). Til vanleg er det inga påmelding til Tweens, men denne gongen er det praktisk for oss å vite om du kjem!

Håpar vi sjåast!

Helsing Søgnie og dei andre i T-teamet

## T 14 Kickoff for konfirmantane

**Onsdag 14. september** var det T14-dag i alle dei tre kyrkjene våre. Dette var ein «kickoff» for alle dei som skal vere «fjellkonfirmant» i 2017. Det blei både drama, info, «timeout», kyrkjekaffi og minikonsert med Tensing Lukas. Vi gler oss til eit spanande konfirmantår!



## T 12 LysVåken

**T12**


### LysVåken

skjer helga 19. og 20. november i Fjell kyrkje. Dette er superhelga for alle sjuandeklassingar i Fjell med overnatting inne i kyrkjerommet. Laurdagskvelden er fylt av t.d. sporløp, vandring i kyrkjerommet, Taco-fest, gjest i natta og leik.



Søndagen er heile familien invitert til stor LysVåken-gudsteneste kl. 11 med kyrkjekaffi og loddosal etterpå. Meld på snarast – det kan vera fullt!

## T 4 Mi første kyrkjebok



**Søndag 4. september** var det familiegudssteneste i alle tre kyrkjene og utdeling av Kyrkjeboka til mange stolte fireåringar. Etterpå var det deilig kyrkjekaffi. Takk til alle som var med på å gjøre dagen til ein fest!

## Velkommen på T-dagar

- Påmelding til og info om alle T-dagane finn du på [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no) eller på tlf. 55 09 74 40. Spør etter Kari, Elisabeth eller Søgnie.
- Vi er glade for tidlege påmeldingar, med tanke på grupper, leiarar og servering.
- Trusopplæringa i Fjell er for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ta kontakt ved særskilde behov.



**Bli med på T-dagar 2016**

**Søndag 4. september**  
**T4:** Utdeling av «Mi eiga kyrkjebok». Landro, Fjell og Foldnes kyrkje

**Onsdag 14. september**  
**T14:** Kickoff! Landro, Fjell og Foldnes kyrkje

**Fredag 30. september**  
**T11:** På sporet av Jesus. Foldnes kyrkje

**Fredag 21. oktober**  
**T10:** Tweens! Klubb i Fjell kyrkje

**19.-20. november**  
**T12:** Lys våken i Fjell kyrkje

**Søndag 27. november**  
**T3:** Adventsgudssteneste. Landro, Fjell og Foldnes kyrkje

**Laurdag 10. desember**  
**T16,17,18:** Adventsfest i Fjell kyrkje

**T1 baby-song i kyrkja:**  
Ein måndag i kvar månad

ILL: ANITJE SOLENSKI

Informasjon og påmelding: [t-dagen.no](http://t-dagen.no) eller [kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)

**Med himmel over livet og føter på Fjell** 



Dato	Kyrkeårsdag	Kyrkje	Kl.	Gudsteneste	Dåp/Nattv	Prest	Takkoffer
<b>Fjell kyrkje</b>							
23.10.16	23. s. i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Haustkakfest/ Fam.gudst.	Dåp	Aannerød/Fjøren	TV-aksjonen Røde Kors
30.10.16	Bots og beded.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Unneland	Stefanusalliansen
06.11.16	Helgemesses.	Fjell kyrkje	11:00	Minnegudst.	Nattverd	Aannerød	Eige arbeid. TS Lukas
13.11.16	26. s. i treein.	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattverd	Nese	Sjømannskirken
20.11.16	Kristi kongedag	Fjell kyrkje	11:00	Lys våken/ Fam.gudst.	Dåp	Aannerød	Eige arbeid
27.11.16	1. s i advent	Fjell kyrkje	11:00	Fam.gudst. T3	Nattverd	Aannerød	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
04.12.16	2. s i advent	Fjell kyrkje	18:00	Lysmesse		Aannerød	Eige arbeid
11.12.16	3. s i advent	Fjell kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattverd		Misjonsprosjekt Thailand/Laos

<b>Foldnes kyrkje</b>							

23.10.16	23. s. i treein.	Foldnes kyrkje	18:30	Ung messe	Nattverd	Tveten	TV-aksjonen Røde Kors
30.10.16	Bots og beded.	Foldnes kyrkje	19:00	BibelBønLovsang	Nattverd		Eige arbeid
06.11.16	Helgemesses.	Foldnes kyrkje	11:00	Minnegudst.	Nattverd	Moe/Fjøren	Haraldsplass samtales.
20.11.16	Kristi kongedag	Foldnes kyrkje	18:30	Ung messe	Nattverd	Tveten	Eige arbeid
27.11.16	1. s i advent	Foldnes kyrkje	11:00	Familiegudst. T3	Dåp	Moe	Det norske Bibelselskap
04.12.16	2. s i advent	Foldnes kyrkje	18:00	Lysmesse		Moe	Eige arbeid
11.12.16	3. s i advent	Foldnes kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattverd	Aannerød	Misjonsprosjekt Mali

<b>Landro kyrkje</b>							

23.10.16	23. s. i treein.	Landro kyrkje	11:00	Haustkakfest/ Gudsteneste	Nattverd	Unneland	TV-aksj. Røde Kors
30.10.16	Bots og beded.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattv.	Kopperud	Menighetsfakultetet
06.11.16	Helgemessesun.	Landro kyrkje	11:00	Minnegudst.	Nattverd	Nese	Eige arbeid
13.11.16	26. s. i treein.	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattv.	Moe	NLA Høgskolen
20.11.16	Kristi kongedag	Landro kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp & nattv.	Unneland	Blå Kors
27.11.16	1. s i advent	Landro kyrkje	11:00	Familiegudst. T3	Dåp	Nese	Eige arbeid
04.12.16	2. s i advent	Landro kyrkje	18:00	Lysmesse		Nese	Eige arbeid
11.12.16	3. s i advent	Landro kyrkje	18:00	Vi syng jula inn		Nese	

<b>Andre stader</b>							

30.10.16	Bots og beded.	Bjørøy bedehus	11:00	Gudsteneste	Nattverd	Moe	Bjørøy bedehus
13.11.16	26. s. i treein.	Skjærgårdsheimen	11:00	Gudsteneste/ Familieweekend	Nattverd		Eige arbeid

## Døypte



### Foldnes kyrkje

**11.09.2016**

Noah Fyhn  
Sanne Steensæth Bjørsvik  
Vanessa Spilde Jakobsen

**18.09.2016**

Vilje Sandvik Stikholmen  
Johannes Traet Edvardsen

### Landro kyrkje

**28.08.2016**

Oskar Normann Kårvit

**04.09.2016**

Henny Marie Jørgensen-Bakke  
Nikolai Dahle Vik

**11.09.2016**

Ragnar Koll Caramancion Søyland

**25.09.2016**

Gabriel Sørhaug Harkestad

### Fjell kyrkje

**20.08.2016**

Tomine Charlotte Skjold Johansen

**28.08.2016**

Annabelle Lind  
Jonathan Risholm Pedersen  
Medea Lind-Foldnes  
Susanne Lie  
Hermine Knutsen

**04.09.2016**

Saga Rye-Holmboe  
Nelia Sandnes-Dale  
Nora Helle Møvik

**18.09.2016**

Ingrid Halvorsen

## Døde

### Fjell sokn

Odd Arent Kårvit	f. 1942
Jann Thore Haukeland	f. 1933
Solveig Helene Turøy	f. 1925

### Foldnes sokn

John Karsten Pedersen	f. 1922
Svein Kløvig	f. 1941
Anna Sæle	f. 1931
Arvid Anders Melkevik	f. 1933
Solveig Elisabeth Bjørdal	f. 1928
Ragnhild Ingebrigtsen	f. 1934
Normann Martin Fjeldstad	f. 1925
Liv Sigrid Rufus	f. 1937
Anne Gjertine Valvik	f. 1948
Kirsten Margrete Larsen	f. 1939

### Landro sokn

Borghild Jakobsen Landro	f. 1932
Magne Angeltveit	f. 1946
Anne Margrethe Fimland	f. 1936
Øystein Harkestad	f. 1940

## Vigde

### Fjell kyrkje

**20.08.2016**

Charlotte Skjold Johansen og Ove Johansen  
Malin Valberg Svarstad og Bjarte Arefjord

**03.09.2016**

Tine Vindenes og Hrvoje Melinscak  
Kristin Hansen og Kjartan Martinus Vik

**17.09.2016**

Elisabeth Knudsen Hårvik og Terje Hårvik  
Kristi Hagenes og Edmund Asgeir Hagenes

### Landro kyrkje

**13.08.2016**

Renathe Knappskog og Christer Flagtvedt

**24.09.2016**

Cassandra Mari Nyland Berg og Mads Algrøy

## Minneord

### Ernst Ebbesvik

døde i slutten av mai, etter at helsa hans hadde svikta meir og meir dei seinare åra.

Ernst var opptatt av at menneske skulle få høyrá om Jesus og han hadde heile livet eit spesielt engasjement i arbeidet mellom dei utviklingshemma. I mange år var han difor engasjert i Livets lys, der han både var leiar i styret og ein villig andaktshaldar på samlingane. Det meste av tida hadde han dette som eit frivillig engasjement, men han var og i ein kort periode tilsett i kyrkja i ei lita stilling.

Han var drivkrafta i ei bibelgruppe for den same gruppa, der dei tok for seg ulike tema om trua. Ernst hadde et stort engasjement i dette arbeidet, og vi vil takke for alt han gjorde og for det han fekk bety for mange menneske i Livets lys. Vi lyser fred over minnet til Ernst Ebbesvik!



Terje Aannerød og Torbjørn J. Fjøren



# RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenseanlegg**

Kontakt:  
**August Norge AS**  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: [svein@augustnorge.no](mailto:svein@augustnorge.no)

**Ta kontakt for en uforpliktende befaring!**  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Lenes Bakeri & Catering

<b>Koldtbord</b>	m/hjemmebakt ass. brød pr. kuvert	<b>kr. 175,-</b>
<b>Luxussnitter</b>		<b>kr. 18,-</b>
<b>Hvit dame</b>	15 personer	<b>kr. 300,-</b>

Gratis tilkjøring  
Bestilling på tlf. 56 33 44 10 / 56 33 33 10

**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75

## Gravferdsannonser

### Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
( samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

### Bjørgvin BEGRAVELSESBETRI

Døgnvakt 55 20 23 00  
[www.bjorgvin-bno.no](http://www.bjorgvin-bno.no)

Samarbeid etter jordbærende graver, med omstendig og vanskelig.

**-din el-kontakt**

# VESTGAR ELEKTRO

Mollestykket 21, 5360 Kolltveit  
T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektr.no](mailto:post@vestgarelektr.no) • [www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

Westland Elektro AS har fusjonert med Vestgar Elektro AS

- Snitter
- Koldtbord
- Varm mat
- Overtidsmat
- Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**

*Royal Cateringservice as*

## Annonseplace?

Fjell Kyrkjeblad kjem i postkassa til alle i Fjell kommune 6 gonger i året.

Dersom du vil nå breitt ut, kan vi hjelpe deg med annonseplace.

Ta kontakt for et tilbod.  
Tlf 55097440 eller e-post:  
[post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

**Leirstedet til Midhordland Indremisjon**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)

### Bergen Omegn BEGRAVELSEHJELP POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

<b>AVD. BERGEN</b> Teatergt. 20 5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50	<b>AVD. SOTRA</b> 2.etg på Shellstasjonen Sartr, 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50
---	---

### Solstrands Begravelsesbyrå

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen  
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet  
E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet



## Kontakt med prest i Fjell

Ved behov for teneste frå prest, som ikkje kan vente (til dømes dødsbod, soknebod for døyande, sjelesorg/ støtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med på dagtid: **tlf. 55 09 74 40**

## Beredskapstelefon i prostiet

I tidsrommet kl 17.00-08.00 på kvardagar og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00 er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.

Vakthavande prest på telefon: m. 95 48 36 55

## Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du kan difor med frimod ta kontakt med nokon av oss på eit av desse telefonnummera:

Sokneprest Terje Aannerød	tlf. 55 09 74 51 (a)
Sokneprest Bjarte Nese	tlf. 55 09 74 52 (a)
Sokneprest Petter A. Ekerhovd-Ottersen	tlf. 55 09 74 46 (a)
Ungdomsprest Maria Tveten	tlf. 55 09 74 56 (a)
Soknediacon Torbjørn Fjøren	tlf. 55 09 74 47, m. 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Nils Ivar Honningdal	tlf. 55 09 74 58, m. 99 46 88 70

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENES SOS**

**T1**  
[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)



**T1-dag med  
BabySong**

**Velkommen til babysong,  
lunsj og fellesskap ein eller  
begge desse måndagane:**

- **31. okt: Landro kyrkje**
- **5. des: Fjell kyrkje**

**Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 55 09 74 53**



**DEN NORSKE KIRKJA**

Besøksadresse: Tytebærbrekko 2, Straume

**Sentralbord: 55 09 74 40**

Epost: [post.kyrkja@fjell.kommune.no](mailto:post.kyrkja@fjell.kommune.no)

## VESTHORDLAND PROSTIKONTOR

**Prost:** Erling Kopperud, 55 09 74 42, m. 90 85 89 39

epost: [erling.kopperud@fjell.kommune.no](mailto:erling.kopperud@fjell.kommune.no)

**Prostiprest:** Helge Unneland 55 23 612

**Prostesekretær:** Ingjerd H. Johansen 55 09 74 43

## FJELL KYRKJEKONTOR

For kontakt med prest i Fjell:

kvardagar frå kl 09.00-15.00 – 55 09 74 40

elles ring beredskaptelefon i prostiet: 95 48 36 55

## ADMINISTRASJON

**Kyrkjeverje:** Annlaug Børve 55 09 74 48,

epost: [annlaug.borve@fjell.kommune.no](mailto:annlaug.borve@fjell.kommune.no)

**Ass. kyrkjeverje:** Borghild Hustad Berge

55 09 74 45, m. 99 70 69 42

epost: [borghild.berge@fjell.kommune.no](mailto:borghild.berge@fjell.kommune.no)

**Kontorsekretær:** Anne-Kari Vik 55 09 74 57

epost: [anne-kari.vik@fjell.kommune.no](mailto:anne-kari.vik@fjell.kommune.no)

**Kyrkjelydssekretær:** Line Steinland Mosnes

epost: [line.mosnes@fjell.kommune.no](mailto:line.mosnes@fjell.kommune.no)

**Kontorlærling:** Birgitte Skjoldal

epost: [birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no](mailto:birgitte.skjoldal@fjell.kommune.no)

## PRESTAR

**Sokneprest i Fjell:** Terje Aannerød 55 09 74 51

epost: [terje.aannerod@fjell.kommune.no](mailto:terje.aannerod@fjell.kommune.no)

**Sokneprest i Landro:** Bjarte Nese 55 09 74 52

epost: [bjarte.nese@fjell.kommune.no](mailto:bjarte.nese@fjell.kommune.no)

**Sokneprest i Foldnes:** Petter A. Ekerhovd-Ottersen

55 09 74 46 epost: [petter.eo@fjell.kommune.no](mailto:petter.eo@fjell.kommune.no)

**Ungdomsprest:** Maria Tveten 55 09 74 60

## DIAKONI

**Soknediacon:** Torbjørn Fjøren 55 09 74 47, m. 922 95 377

epost: [torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no](mailto:torbjorn.fjoren@fjell.kommune.no)

**Ungdomsdiakoner:** Basecamp 55 09 74 58

- Nils Ivar Honningdal m. 99 46 88 70

**BARN OG UNGDOM**

**Kateket:** Mildred Fjørne Heggernes 55 09 74 49

epost: [mildred.heggernes@fjell.kommune.no](mailto:mildred.heggernes@fjell.kommune.no)

**Kyrkjelydspedag./ t-teamsleiar:** Kari Lynn Burke-Romarheim

55 09 74 61 / [kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no](mailto:kari.burke-romarheim@fjell.kommune.no)

**Kyrkjelydsped. / t-team:** Søgne Lillevik Nilsen

**Kateket / t-team:** Elisabeth Møll Jung

**Kyrke/skule/barnehagesamarbeid:**

Rannveig Vestbøstad Vik [rannveig.vik@fjell.kommune.no](mailto:rannveig.vik@fjell.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog/konfirmantleiar:** Beate Sørhus

55 09 74 63 / [beate.sorhus@fjell.kommune.no](mailto:beate.sorhus@fjell.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:** Håkon Syrtadeng 55 09 74 66

**Ungdomsarbeidar:** Eirik Austeng 55 09 74 54

**Kyrkjelydsarbeider:** Eivind Kausland Lie 55 09 74 54

## KYRKJEMUSIKK

**Kantor:** Olav Sørheim 56 33 25 01

epost: [olav.sorheim@fjell.kommune.no](mailto:olav.sorheim@fjell.kommune.no)

**Organist i Foldnes:** Aasmund Brekke 56 32 41 90

**Organist i alle tre kyrkje:** Tormod Rebnord

**Kantor i Landro:** Eline Olsen m. 90 60 53 32

## DRIFT

**Driftsleiar:** Norvald Snekkevik 55 09 74 55, m. 930 70 741

epost: [norvald.snekkevik@fjell.kommune.no](mailto:norvald.snekkevik@fjell.kommune.no)

**Kyrkjegardsarb.: Torstein Vassnes 40 84 50 17**

**Kyrkjegardsarb.: Lorentz Andreas Skumsnes 90 07 21 29**

**Kyrkjegardsarb.: Vegard Lynglund**

**Kyrkjetenarar i Fjell:** 56 33 25 01 Ingalis A. Malmo,

Janne Lin Fjeld Andersen

**Kyrkjetenarar i Foldnes:** 56 32 41 90 Ellen Ebbesvik,

Olav Arne Myskja

**Kyrkjetenarar i Landro:** 55 09 74 43 Ingjerd H.Johansen,

Vegard Lynglund

## SOKNERÅDSLEIARANE

**Fjell sokneråd:** Anne Elisabeth Møvik Hornnes,

aehorne@online.no

**Foldnes sokneråd:** Magne Supphellen

magne.supphellen@nhh.no

**Landro sokneråd:** Tove Karin Lyngsmo Angeltevit

tove.angeltevit@hotmail.com

[www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell) [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)

# Ny i Fjell kommune?

Her er nokre av samlingane og aktivitetane du kan bli med på i kyrkjene i Fjell kommune. Du er hjarteleg velkommen!

## Foldnes kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11:00.

**Søndagsskule** - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste.  
Kontakt: Maria Wergeland 92 40 88 05

**Bibel, bønn og lovsang** - siste søndag kvar månad kl. 18:30.  
Kontakt: Petter Ekerhovd-Ottersen 97 67 97 56

**RAMP** - annankvar tysdag, kl 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffe! Kontakt: Janne Mo; mojanne1@gmail.com

**Treff** - i kyrkjelydssalen første onsdag pr. mnd. kl. 11.30-14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Lukas Tensing** - måndagar frå kl. 18:30 i kyrkerommet. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**Ungdomslaurdag** - i Vestfløyen frå kl. 19.00 og utover, for deg som går i 9. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**Mannsgruppa** - kyrkjelydssalen ein torsdag i månaden.  
Kontakt: Bjørn Andersen 908 92 950

**Basardamene** - Foldnes kyrkje. Kontakt: Torill Kvalheim, tlf 90 79 92 22

## Fjell kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar kl. 11:00

**Søndagsskule** - under gudsteneste, når det ikkje er familiegudsteneste.  
Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 97 67 11 61

**Retreatkveldar** - ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og enkel kveldsbøn. Kontakt: Terje Aannerød 55 09 74 51

**Tweensklubben** - i Fjell kyrkje fredagar kl. 19.00 – 21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Maria Tveten 55 09 74 60

**FamilieKrik** - laurdagar kl. 15.30 på Bildøy bibelskole. Sjå Facebook:  
Familie Krik Bildøy, eller kontakt: Søgnie Nilsen 97546646

**Vokalensemplet Sotra reviderte** - for alle som vil syngle a-capellakor, tysdagar kl. 19-21.30. Kontakt: Jarle Hauge 482 84 287

**Fjell kyrkebrass** - om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag på oddetallsveker kl. 20.-21.30. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988

**Fjell barnekor** - annankvar tysdag (oddetallsveke), kl. 17.30-18.30 (4 år til 4. klasse). Det er sang, litt hobby og en liten lett kvelds. Kontakt: Olav Sørheim 926 15 988 evt. Kari Mortensen 411 22 323

## Landro kyrkje

**Gudsteneste** - dei fleste søndagar, kl. 11:00.

**Onsdagsmøte** - i kyrkjelydssalen kl. 19.30, kvar 14. dag.  
Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Torbjørn Fjøren 55 09 74 47

**Taco-fredag** - ein gong pr. mnd. i kyrkjelydssalen kl. 17.-19. For heile familien! Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

**Nordre Fjell Barnekor** - for deg som går i 1.-4. klasse, kl. 17.30-18.40 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Nordre Fjell Tweenskor** - for deg som går i 5.-8. klasse, kl. 18.40-19.35 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen 906 05 332

**Treff i Landro** - i kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30-14.00. Fellesskap, mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik 56 32 41 90

**Landroklubben** - i kjelleren i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30 til 22.30. Frå 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52

**Tweensklubb** - i Landro kyrkje, annankvar tysdag kl. 17.30 til 18.30. 5.-7. klasse. Kontakt: Bjarte Nese 55 09 74 52.

For meir info og e-postadresser, gå inn på [kyrkja.no/fjell](http://kyrkja.no/fjell)


# Barnekryssord

## VANNRETT:

1. Øy
7. Land
8. Hundehotell
11. Sint
12. Jentenavn

## LODDRETT:

1. Gestapo
2. Bilmerke
3. Faster
4. Rolf Nilsen
5. Anita Iversen
6. Statsminister som ble skutt
8. Bil
9. Månefase
10. Frø



Bli med i trekninga av ein stor valfri PEPPE'S PIZZA! Send inn kryssord til Fjell kyrkjekontor, PB 184, 5342 Straume.  
Merk konvolutten: «Kryssord»



Vinnar av Barnekryssord  
i nr. 4-2016:  
Elias Pettersen  
Slettebrekko 7  
5363 Ågotnes

Namn:.....

Adresse:.....

.....